



Møteprotokoll Kommunestyret

Møtedato: 04.06.2020
Møtestad: Teams/kantina på kommunehuset
Møtetid: 18:00 - 22:00

- Rekneskap
- Årsmelding

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Per Lerøy	AP	Ordførar
Ann Kristin Leirvåg	AP	Medlem
Monika Thorpe	AP	Medlem
Hardy Pedersen	AP	Medlem
Reidar Ulvøy	AP	Medlem
Britt Mary Skaalevik Lerøy	AP	Medlem
Inger Lise Brekke	H	Varaordførar
Morten Sognes	H	Medlem
Rikke Heldal Hope	H	Medlem
Aslak André Bakke	H	Medlem
Helge Dyrkolbotn	KRF	Medlem
Anne Dahle Austrheim	KRF	Medlem
Randi Keilegavlen Dyrøy	KRF	Medlem
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	SP	Medlem
Reidar Øksnes	SP	Medlem
Lise Renate Helle	SP	Medlem
Marita Terese Bru	BIA	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:

Bjørnar Fjellhaug, Ketil Tjore, Liv Løvvik, Monika Kvamme, Odd Harald Dommersnes, Olav Birger Andersen, Peter Kubon, Thomas Lindås

Austrheim 9. juni 2020

Per Lerøy
ordførar

Ketil Tjore
møtesekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
051/20	Godkjenning av innkalling og sakliste
052/20	Godkjenning av møteprotokoll
053/20	Meldingar
053/20.1	Byrådets høringsuttalelse til Nasjonal transportplans oppdrag om prioriteringer
053/20.2	Referat frå møte 21.04.2020 - Vassområde Nordhordland (politiske representantar)
053/20.3	Kraftsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensiv industri sett i lys av dette
053/20.4	Protokoll frå ordinær (forenkla) generalforsamling i BKK AS - den 14.5.2020
054/20	Orienteringssak
055/20	Årsrekneskap 2019
056/20	Årsmelding 2019
057/20	Budsjettoppfølgjing per mars 2020
058/20	Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar

051/20: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg:

Innkalling og sakliste vert godkjent

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 051/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

052/20: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Marita Bru ba om at det vart retta opp kven som møtte for Bygdelista i førre møte.

Bru var den som møtte.

Handsaming i kommunestyret:

Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke, med retting til at Marita Bru møtte for Bygdelista.

KS - 052/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Møteprotokoll frå forrige møte vert godkjent, med retting som er nemnt over.

053/20: Meldingar

Rådmannen sitt framlegg:

Meldingane vert tekne til orientering

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Handsaming i kommunestyret:
Rådmannen sitt framlegg vert samrøystes vedteke

KS - 053/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Meldingane vert tekne til orientering

053/20.1: Byrådets høringsuttalelse til Nasjonal transportplans oppdrag om prioriteringer

Rådmannen sitt framlegg:

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 053/20.1 - 04.06.2020 - Vedtak:

053/20.2: Referat frå møte 21.04.2020 - Vassområde Nordhordland (politiske representantar)

Rådmannen sitt framlegg:

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 053/20.2 - 04.06.2020 - Vedtak:

053/20.3: Kraftsituasjonen i Nordhordland - og følgjene for næringsutvikling og kraftintensiv industri sett i lys av dette

Rådmannen sitt framlegg:

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 053/20.3 - 04.06.2020 - Vedtak:

053/20.4: Protokoll frå ordinær (forenkla) generalforsamling i BKK AS - den 14.5.2020

Rådmannen sitt framlegg:

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

KS - 053/20.4 - 04.06.2020 - Vedtak:

054/20: Orienteringssak

Rådmannen sitt framlegg:

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Kommunelege Peter Kubon orienterte om Korona-situasjonen: - Det vert no vert letta på reiserestriksjonar i Sverige og Danmark, men med avgrensingar mellom anna for København-området, og andre område i desse landa med stort smittepress.

Det er viktig å vera ansvarleg, med tanke på kvar ein reiser og kva tiltak ein gjer sjølv med tanke på avstand med meir. Må vera forsiktige innanfor dei reglane som gjeld.

Dei lokale avgrensingane Austrheim kommune har innført for utlandsreiser må ein tilpassa etter kvart som det nasjonale bildet endrar seg. Kan få auka smittepress utover hausten, men har så langt vore veldig heldige i heile området som Helse Bergen dekkar.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for å ta orienteringa til vitande.

KS - 054/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Orienteringane vert teke til vitande.

055/20: Årsrekneskap 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Årsrekneskap for 2019 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er 4 111 965 kr. i overskot. Dette overskotet går med til å betale ned på det akkumulerte underskotet. Det vil da stå igjen ein rest på kr. 852 270 på det akkumulerte underskotet.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er 0 kr.

Note nr. 10: Låneopptak i 2019, bruk av lån og ubenyttta lånemidlar med 13 280 974 kr, vert godkjent slik han ligg føre og midlane vert overført til i 2020. Ifølge KS vedtak 115/19 er det kun 8,5 mill.kr. av midlane som kan brukast i 2020.

07.05.2020 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om saka. Som rekneskapen viser var utgiftene høgare enn budsjettert i 2019, men inntektene var høgare enn dette igjen.

Ordførar Per Lerøy (Ap) spurte om korleis ein kan ha eit budsjett der det er 269 millionar i inntekter, men det blir 281, og det er budsjettert med 267 millionar i utgifter og det blir 278. Kan verka som om det her har komme auka inntekter, og så har administrasjonen brukt pengane utan politisk godkjenning.

Olav Andersen svara at det her er ein del postar som går mot kvarandre, så som at inntekt på refusjon av sjukepengar går opp i opp mot auka utgifter til vikar. Men slik vert ikkje rekneskapen ført. Og ein del av utgiftene var ikkje budsjetterte, men har politisk godkjenning, som refusjon til Helfo og forlik i Breidvik-saka, og utgifter til Nav Fensfjorden der ein betaler 4,7 millionar i året til Masfjorden kommune.

Lerøy svarte at dette med sjukepengar/vikar burde vore reflektert i revidert budsjett. Odd Harald Dommersnes sa at ein i så tilfelle bør revidera budsjettet meir enn ein gong. Lerøy svara at dette bør ein gjera, og ta med seg dei vedtaka som kommunestyret har gjort, og elles ta med dei erfaringane ein har som til dømes refusjon av sjukepengar.

Olav Andersen sa at ein gjerne kan justera budsjettet oftare, til dømes annakvar månad.

Rådmann Løvvik sa at det er særleg på hausten ein må følgja med. Og så er det utfordringar på ein del felt, som Nav Fensfjorden, der kostnader ikkje kjem til rett tid.

Ordførar Lerøy konkluderte med at det er semje om å revidera budsjettet oftare, for å ta med seg desse endringane undervegs.

Inger Lise Brekke (H) sa utgiftene til Nav Fensfjorden vel er føreseielege framover. Rett nok kan sosiale utgifter verta auka i den situasjonen ein er i no.

Olav Andersen svara at det er føreseieleg no, med kring fem millionar i året til Nav.

Ordførar Lerøy oppsummerte diskusjonen med ei presisering av at det var gjort ein stor innsats for å nå resultatet, og at det ikkje var kritikk men eit ønskje om betre revidering/informasjon undervegs.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 064/20 - 07.05.2020 - Vedtak:

Årsrekneskap for 2019 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er 4 111 965 kr. i overskot. Dette overskotet går med til å betale ned på det akkumulerte underskotet. Det vil da stå igjen ein rest på kr. 852 270 på det akkumulerte underskotet.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er 0 kr.

Note nr. 10: Låneopptak i 2019, bruk av lån og ubenyttta lånemidlar med 13 280 974 kr, vert godkjent slik han ligg føre og midlane vert overført til i 2020. Ifølgje KS vedtak 115/19 er det kun 8,5 mill.kr. av midlane som kan brukast i 2020.

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Olav Birger Andersen orienterte om saka, og sa at det står att 850.000 kroner for å dekkja inn uteståande underskot, og komma ut av Robek-lista.

Andersen gjekk gjennom nøkkeltala for 2019. Viste mellom anna til at det er høgare utgifter til løn enn budsjettert, men dette vert mykje henta inn på auka refusjon av sjukepengar, der refusjonen er budsjettert nøkternt.

Skatteinntekter landa over budsjett i 2019, og var til slutt 2,2 millionar over revidert budsjett. Ser for fleire postar at det hadde vore OK med ei budsjettjustering også på hausten, for å ta med seg endringar for utgifter og inntekter som kjem etter 1. budsjettjustering

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapet sitt framlegg til vedtak.

KS - 055/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Årsrekneskap for 2019 vert godkjent slik det ligg føre. Årsresultatet i driftsrekneskapet er 4 111 965 kr. i overskot. Dette overskotet går med til å betale ned på det akkumulerte underskotet. Det vil da stå

igjen ein rest på kr. 852 270 på det akkumulerte underskotet.

Årsresultatet i investeringsrekneskapet er 0 kr.

Note nr. 10: Låneopptak i 2019, bruk av lån og ubenyttede lånemidlar med 13 280 974 kr, vert godkjent slik han ligg føre og midlane vert overført til i 2020. Ifølge KS vedtak 115/19 er det kun 8,5 mill.kr. av midlane som kan brukast i 2020.

056/20: Årsmelding 2019

Rådmannen sitt framlegg:

Formannskapet/Kommunestyret tar årsmelding 2019 til vitande.

07.05.2020 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om saka.

Som årsmeldinga viser, kunne kommunen ha komme ut av Robek-lista i 2019, om ein hadde fått med seg mellom anna dei venta utbetalingane frå AS Austrheim Næringssselskap. No må målet vera å komma ut av Robek-lista i 2020.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det er ein merknad frå revisor og kontrollutval, med eit tal som ikkje var rett. Dette skal ein læra av i det vidare.

Helge Dyrkolbotn (KrF) sa at det er mykje bra informasjon i årsmeldinga, særleg frå avdelingane. Ser at det har vore trøgt i kommunen, og det er gjort ein god jobb.

Ordførar Lerøy rosa årsmeldinga for god informasjon og oversikt.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 063/20 - 07.05.2020 - Vedtak:

Formannskapet/Kommunestyret tar årsmelding 2019 til vitande.

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Rådmann Liv Løvvik orienterte om saka.

- Det har i 2019 vore god innsats frå alle tilsette, i heile organisasjonen. Har stått saman politisk og tilsette for å få til innsparingstiltaka som er gjort.

Synd at ting utanfor organisasjonen gjer at ein ikkje når å komma ut av Robek frå 2020. Med den budsjetterte inntekta frå AS Austrheim Næringssselskap ville ein klart dette.

Ordførar Per Lerøy oppmoda til å lesa årsmeldinga, og gjerne ta den fram igjen til hausten når kommunestyret skal i gang med budsjettarbeidet for 2021. Meldinga viser breidda av aktivitetar i Austrheim, både det lovpålagde tenestetilbodet og elles.

Årsmeldinga fekk skryt frå Marita Bru (Bygdelista) og Reidar Øksnes (Sp), for at den viser det mangslunge aktivitetsnivået i kommunen.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om det er mogleg å laga ei lettare utgåve som kan distribuerast via nett og elles.

Handsaming i kommunestyret:
Samrøystes for formannskapetets innstilling til vedtak.

KS - 056/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Formannskapet/Kommunestyret tar årsmelding 2019 til vitande.

057/20: Budsjettoppfølging per mars 2020

Rådmannen sitt framlegg:

Budsjettoppfølging for mars 2020 vert teke til vitande.

07.05.2020 FORMANNSKAPET

Økonomisjef Olav Birger Andersen orienterte om saka. Etter spørsmål frå ordførar Per Lerøy (Ap) svara Andersen om auka utgifter til teknisk at dette mellom anna skuldast utgifter til salting og strøing i mars månad, og reparasjonar etter lynnedslag som gav skader på Nordliheimen og Idrettsparken. Økonomi- og personalsjef Odd Harald Dommersnes sa at ein må laga ein handlingsplan på korleis ein skal lukka dette avviket, med eit kuttframlegg for å komma i hamn.

Ordførar Lerøy sa at i 2019 var det pleie/omsorg som var underbudsjettet, no er det teknisk. Ikkje rett å driva slik. Olav Andersen sa at teknisk eining etter hans syn var underbudsjettet, noko leiar teknisk drift har sagt frå om.

Rådmann Liv Løvvik sa at det i tillegg har gått rundt 2,2 millionar til Korona, usikkert om ein får dette refundert. Desse utgiftene er med i rekneskapen her. Det som har komme frå Staten i refusjonar er ikkje med.

Olav Andersen viste likviditetsprognosen for resten av 2020 (ligg ved saman med dei utsende sakene). Kommunen har ein reserve i kassakreditt på 15 millionar, som ein kan bruka. Odd Harald Dommersnes viste til at dersom arbeidsløysa går ned frå det ein har estimert på 8,5 prosent, så er det ei oppside for kommunen med auka skatteinntekter.

Kommunalsjef Odd Harald Dommersnes sa at det vert jobba med kor stort låneopptak ein reelt sett skal investera av det som er planlagt av V/A dette året. Er i dialog med Kommunalbanken for å sjå rentenivået, og i tillegg er det mogleg å få investeringar i V/A som grønne investeringar, som har betre vilkår enn andre lån.

Rådmann Liv Løvvik sa at det er ein kostnad med kassakreditt, der det også er rekna inn buffer for risiko, og at kommunen bør unngå dette. Odd Harald Dommersnes sa at kommunen i det lengste bør unngå å ta i bruk lån (kassakreditt) for å finansiera drifta.

Ordførar Per Lerøy (Ap) sa at ein må forventa at regjeringa legg fram tal i revidert budsjett 12. mai som er positivt for kommunane. Lerøy takka for oversikta som administrasjonen gjev. Ser at med ei arbeidsløysa som no, vil det gje ein skattesvikt for kommunen på 6,5 millionar i 2020.

Inger Lise Brekke (H) sa at arbeidsløysa i Austrheim per i dag er på 8 prosent.

Handsaming i formannskapet:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke

FS - 062/20 - 07.05.2020 - Vedtak:

Budsjettoppfølging for mars 2020 vert teke til vitande.

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Olav Birger Andersen orienterte om saka.

Lønsutgifter er no nede i 69 prosent av totale utgifter, det er lågare enn tidlegare.

Det er elles sendt ut tertialrapport til kommande formannskap 11. juni, der ein ser at skatteinntektene er på veg ned i 2020, og ut året kan risikera å tapa 8 millionar kroner i skatteinntekter. Det skal vera ein liten reserve i budsjettet sidan det er lagt inn 3 prosent prisauke, som er meir enn venta prisvekst ut året.

Inger Lise Brekke (H) orienterte om at det er 7 prosent arbeidsløyse i Austrheim no, mot 5 prosent i Alver kommune.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om det framleis er ekstra kostnader med Korona. Om dette svara rådmann Liv Løvvik at det er gjort ein del investeringar som ein elles kunne unngått på grunn av Korona, mykje forbruksmateriell har blitt dyrare under smittesituasjonen, og ein må framleis vera budd på at smitten kan auka.

Per Lerøy viste til at kostnadene for kommunen også omfattar timetal som er omdisponert i administrasjonen. Samla støtte kommunen har fått i samband med Korona omfattar 1,3 millionar i sysselsettingsmidlar, 2,2 millionar i støtte til Korona-utgifter kommunen har hatt, og i overkant av 500.000 som kompensasjon for reduserte inntekter i barnehage og SFO.

Rådmann Liv Løvvik viste til at det er ein del usikkert, auka arbeidsløyse kan gje auka sosiale kostnader, eit lønsoppgjær slik staten ser for seg tilsvarar kun overhenget frå 2019, så her er det mykje som ikkje er klart før på hausten.

Marita Bru (Bygdelista) stilte spørsmål om eigedomsskatten, der noko var feilfakturert. Er det også overbudsjettet? Til dette svara Olav Birger Andersen at budsjettet er korrekt, men det var noko rekningar som var feil. Dette e retta opp.

Ordførar Per Lerøy (Ap) ba om at det til kommunestyret 18. juni vert laga ein årsprognose som viser korleis det kan slå ut økonomisk for resten av året, men la til at det ikkje skal brukast som ein "fasit" i etterkant for å "arrestera" administrasjonen.

Både rådmann Liv Løvvik og Olav Birger Andersen sa at det var mange ting som kan slå ut på økonomien utover hausten, som endra skatteinntekter, utbytte frå Mongstad Vekst, Havbruksfondet, med meir. Andersen sa at ein kan laga ulike scenario, type Worst/Middle/Best case, der ein har ulike alternativ.

Ordførar Per Lerøy sa at et slikt oversyn med ulike alternativ vera bra. Må hugsa å ta inn dei inntekter som har komme ekstra no i samband med Korona, i alt fire millionar kroner.

Britt Lerøy spurte om det er mogleg få rekneskapen tidlegare på våren. Olav Birger Andersen viste til at det er slik som no når gangen er via formannskapet før kommunestyret, medan ein per no har nyare tal klare som skal til neste formannskap. Rådmann Liv Løvvik sa at det var vanleg å ha tertialrapporten oppe i juni slik som no.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for formannskapets innstilling til vedtak

KS - 057/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Budsjettoppfølging for mars 2020 vert teke til vitande.

058/20: Retningslinjer for avhending av kommunale eigedommar

Rådmannen sitt framlegg:

Retningslinjene for avhending av kommunale eigedommar vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.

04.06.2020 KOMMUNESTYRET

Utsettingsframlegg foreslått av: Per Lerøy

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.

Kommunalsjef Service og forvalting Thomas Lindås orienterte om saka, og sa at desse retningslinjene er meint å ta høgde for ulike alternativ for korleis kommunen kan avhenda eigedom.

Helge Dyrkolbotn (KrF) spurte om punktet der det er omtala å gå direkte til private interessentar, og spurte om dette betydde at ein skal gå utanom annonsering. Kommunalsjef Lindås svara at alle eigedommar skal ut på Finn/liknande, men at ein i tillegg kan tipsa lokale interessentar om at det er areal som kan utviklast.

Inger Lise Brekke (H) spurte om dette med sal av leilegheiter i bygg der det også bur private. Kommunalsjef Lindås svara at ein kan gje forkjopsrett tilsvarende høgaste bod, men ikkje til takst. Kommunen ønskjer å ta ut best mogleg pris.

Per Lerøy (Ap) og Inger Lise Brekke (H) sa seg samd med prinsippet om forkjopsrett til høgaste bod.

Reidar Øksnes (Sp) sa at retningslinjene også burde omfatta verdifastsetting, at punktet med utlysing kunne forenklast utan oppstilling av dei ulike plattformar, og at ein i tillegg burde ta med at ein må sjå på kva som ligg av eksisterande avtalar og rettar.

Øksnes ba vidare om at godkjenning av sal skulle gjerast av formannskap og kommunestyre, og ikkje berre ordførar.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa seg samd i at det kunne redigerast inn ei overskrift på teksten. Når det gjeld punktet om at alle eigedommar som hovudregel skal lysast ut, så er det for å ta inn den fleksibiliteten ein treng. Når det står at sal skal godkjennast ved ordførar så er det meint for å sikra hurtigheit og fleksibilitet i desse sakene. Prosjektrapporten for strategisk eigedomsforvalting viser til kva ein vurderer som aktuelt for sal, elles vil det leggest ut på Finn.no og heimesida til kommunen.

Rådmann Liv Løvvik sa at kommunen følgjer dei reglar som gjeld, mellom anna med ulik framgangsmåte for nærings eigedom og andre eigedommar. Vil laga liste over kva som kan seljast, der

det er lagt inn inntekter frå sal framover.

Kommunalsjef Lindås sa at ein vil løfta for politisk nivå kva som er aktuelt å selja, om det ikkje ligg klart i retningslinjene, og om det er spesielle areal/eigedommar det er tale om.

Per Lerøy (Ap) viste til at kommunestyret har lagt ei føring på sal når det er lagt inn i budsjettet salsinntekter på over 4 millionar kroner. Elles er det naturleg å ta det opp politisk dersom det er spesielle eigedommar som skal seljast, som til dømes kyrkjelydshuset, det gamle kommunehuset, med fleire.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om kva eigedommar som er selt dei siste åra. Kommunalsjef Lindås svara at han ikkje har nøyaktige tal på dette, men at det varierer litt frå år til år på bustadeigedommar og anna.

Ordførar Lerøy (Ap) viste til at kommunen dei seinare åra har selt strøtomter ulike stader, eit større areal i Kalandsfeltet, og tre naust på Baløy. I all hovudsak skjer dette på den opne marknaden. Om dette sa kommunalsjef Lindås er at når det ikkje vert lyst ut, så gjeld det gjerne tilleggsareal til private eigedommar og tilsvarande som ikkje har interesse på den opne marknaden.

Marita Bru (Bygdelista) spurte om ein kan presisera siste punktet i lista slik at ein ser kva som skal til politisk godkjenning.

Reidar Øksnes (Sp) kom med eit framlegg til endring av vedtaket (det vart ikkje røysta over dette, saka vart utsett):

"Retningslinjer for verdisetting og mulig avhending av kommunal eigedom

Det 4. siste kulepunktet endra til: Om det ikkje er avtalar eller rettar som hindrar dette, skal alle eigedommar lysast ut på den opne marknaden.

Vil stryka det siste kulepunktet."

Per Lerøy (Ap) sa at det siste punktet gjerne kan endrast til at "ved sal av eigedom signerer ordførar på vegner av kommunestyret".

Helge Dyrkolbotn (KrF) støtta Reidar Øksnes sitt framlegg samt Per Lerøy sitt punkt om å redigera siste kulepunkt. Dyrkolbotn sa at han ikkje ser at det er nødvendig å spesifisera vedtaket meir slik, Bru (Bygdelista) ba om.

Kommunalsjef Thomas Lindås sa at utan fleksibiliteten som ligg i dette kulepunkt 6 i dag, så kan ein til dømes ikkje selja til BOF elle liknande. Rådmann Løvvik ba om at ein ikkje innskrenkar både dette og kommande kommunestyre sine moglegheiter til å selja eigedom.

Per Lerøy (Ap) ba om at saka vert utsett til kommande kommunestyre 18/6 for å gje rådmannen ein sjanse til å komma med eit justert framlegg, for å sikra at det vert juridisk rett.

Anne Dahle Austrheim (KrF) sa seg samd med Lindås i at det må ligga fleksibilitet til å unngå sal av til dømes skulen/kurssenteret i Rongevær. Støttar ordførar i at ein ventar med saka til 18/6.

Thomas Lindås svara sa at ein fint kan ta saka opp til handsaming 18/6 med justeringar.

Rådmann Løvvik ba om at eigedomsrapporten vart sendt ut til alle.

Inger Lise Brekke (H) sa seg samd i at ein kan komma tilbake med eit justert framlegg, det same vart støtta av Reidar Ulvøy (Ap) og Morten Sognnes (H). Også Reidar Øksnes (Sp) sa seg samd i at saka kjem opp på nytt i kommunestyret.

Handsaming i kommunestyret:

Samrøystes for Per Lerøy (Ap) sitt framlegg om utsetting

KS - 058/20 - 04.06.2020 - Vedtak:

Saka vert utsett til kommande kommunestyre, der rådmannen kan komma med eit justert framlegg, der ein er sikker på det juridiske er korrekt.
